



Referat frå styremøte i styret for Betel onsdag 16. september 2015

Til stades:

Oddvar Hægeland (2015-2017)

Sigrid T. Lofstad (2015-2017)

Sigrun Lønning Solvang (2015-2017)

Ane S. Holm (2. vara, 2015-2017)

Opning ved Sigrid frå Kol. 4.

Sak 33/15: Godkjenning av referat frå styremøte 19. august 2015

Referatet blir godkjent utan merknader.

Sak 34/15: Menighetsmøtet 30. august

Styret meiner menighetsmøtet fungerte bra. Mange tok ordet, både i plenum og ikkje minst i gruppene. Det freistar til gjentaking. Mange ting blei nemnt, og styret meiner det var viktig med tanke på at det på sikt kan føre til vekst. Vi vil oppfordre menigheten til å la det vi snakka om modnast.

Nokre ting som gikk igjen i møtet var at sundagstreffa er gode og tenlege, engasjerer mange, synleggjer borna og er varierte. Nokre av desse møta kan godt ha ei form for delestund i staden for tale. Styret vil leggje opp til dette når vi planleggjer neste termin.

Styret drøfta om vi skal starte smågruppe, men kom fram til at vi ikkje gjer det no. Vi oppfordrar dei som evt. har lyst til å vere med i ei slik gruppe om å ta kontakt med Janna og Tor-Bjørn. Elles finst det både damegrupper og herregruppe i Kviteseid det går an å vere med i. Vi kjem tilbake til saka etter jul på årsmøtet og evt. eit nytt menighetsmøte. Elles oppmuntrar styret til å kome på bønemøta då desse kan dekkje noko av det same som smågrupper.

Styret snakka om korleis ein kan involvere tenåringer i arbeidet vårt. Vi vil oppmuntre møteleiarane til å ver medvitne og spørje dei til ulike oppgåver. Bønemøtet: Sigrid tar ansvar for å sende ut SMS i førekant av møta.

Sak 35/15: Jubileumsfeiring 25. oktober

Det blir møte for heile menigheten kl. 11 med påfølgande middag og kaffe og kaker.

Sak 36/15: Årshjul for styret

Styret arbeider med eit årshjul for styret og det blir lagt fram eit forslag på neste styremøte.

Sak 3715: Eventuelt og diverse infosaker

Heimesida: Treng oppgradering. Det vil ta tid, men Olav har sagt han kan vere med på ei oppgradering saman med Oddvar. Hugse å leggje inn ein post om jubileumsfeiringa.

Vi ser ma. på saker gjennom året for å sjå om evt. tiltak har blitt følgt opp.
Saker som er under arbeid: Bestilling av talarstol og minglebord. No skal det skje!

Vi har fått melding frå DNM sentralt om at vi må telje kor mange som deltek på møta våre og rapportere inn. Dette vil bli gjort tre gongar i løpet av året, og Sigrid vil rapportere inn.

Sigrun lufta for styret om vi som menighet skal gjere noko i forhold til flyktingesituasjonen. Vi vil markere den alvorlege situasjonen på møta våre i samband med t.d. bøn og oppmuntre også til å ta godt i mot alle, både dei som allereie er her og dei som evt. kjem til Kviteseid. Som kristne har vi eit ansvar.

16. september 2015

Oddvar Hægeland, sekretær